

**Protokoll:** Årsmøte i Seniornett Førde 31. januar 2019

**Møtestad:** Ungdomshuset Viking

#### **SAKSLISTE**

**Sak 0: Opning av årsmøtet 2019 ved styreleiar Kolbjørn Bergset**

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 30 frammøtte

**Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ingen merknader

**Sak 2: Val av møteleiar**

Kolbjørn Bergset vart vald

**Sak 3: Val av skrivar**

Egil Nestande vart vald

**Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar**

Hildegunn Nore og Magnus Hope vart vald

**Sak 5: Styrets årsmelding for 2018**

Leiaren las opp årsmeldinga avsnitt for avsnitt, og bad om ev. merknader til kvart avsnitt. Det kom ingen vesentlege merknader, men nokre merknader om skrivefeil og tilføyingar, m.a. om manglande namn på varamedlem Esther Skei Klausen i valnemnda. Gunnar Eikeland kommenterte Førde kommunes passivitet når det galdt søknad om midlar til dataopplæring for eldre.

Magnus Hope hadde ein kommentar som ikkje gjekk på sjølve årsmeldinga, men til opplegget i kvar kurstime slik: *Deltakarane held seg i ro medan instruktørane går gjennom dagens tema, før det blir høve til spørsmål og individuell hjelp. Mot slutten av økta bør det også vera ei oppsummering frå instruktøren.*

**Vedtak:** Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

**Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2018**

Kasserar Marloes Vos presenterte rekneskapet som viser eit overskot på kr 53,26.

Bokført kapital (bankinnskot) er kr 79 191,15.

Skanna kopi av revisormeldinga frå Magnus Hope vart vist og opplesen.

**Vedtak:** Rekneskapet for 2018 vart einstemmig godkjent

**Sak 7. Fastsette kursavgift 2019/2020**

**Vedtak:** Kursavgifta blir den same som før kr 350.

**Sak 8. Aktivitetsplan for 2019/2020**

Styret hadde ingen konkrete framlegg om aktivitetsplan for 2019/2020, men viste til sitt styrevedtak 18. januar: «Årsmøtet godkjenner at styret fastset Arbeids- og aktivitetsplan.»

**Sak 9: Godtgjedsle til tillitsvalde**

**Vedtak:** Godtgjerdsle blir uendra, dvs. kr 300.

### Sak 10: Budsjett for 2018

Kasseraren la fram eit budsjett med eit underskot på kr 4 200, som blir dekt frå bankkonto.

**Vedtak:** Budsjettet for 2019 vart einstemmig vedtatt, og ser slik ut:

	Inntekter	Utgifter
Kursavift 2018/2019	25 000,00	
Programvarer (inkl lisensar)	3 500,00	
Kaffipengar	20 000,00	
Tilskot	23 000,00	
Godtgjersle til instruktørar for utlegg		25 000,00
Servering		10 000,00
Utstyr		5 000,00
Kopiering		1 500,00
Drift		4 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 500,00
Reiseutgifter		10 000,00
Lokalleige		18 000,00
Andre utgifter		500,00
Finanskostnader (bankgebyr)		250,00
Resultat dekt frå bankkonto	4 200,00	
Sum	75 750,00	75 750,00

### Sak 11: Revisjon av vedtektene

Styrets forslag til endring av vedtektene var sendt ut i lag med innkalling til årsmøtet. Forslaget går ut på endring av §§ 4 og 5. I tillegg blir nemninga «klubb» endra til «foreining» for å få samsvar med den nemninga som Seniornett Norge brukar. Det vart ein del oppklaring omkring betaling av kontingent til Seniornett Norge i høve til betaling av kursavgift til Seniornett Førde. I forslaget til endringar skal ordet «klubb» erstattast med «foreining». Gunnstein Kvåle kom i tillegg med forslag om endring i § 6 om innkalling til årsmøtet. I andre andre linje bør ordet «skriftleg» endrast til «skriftleg/digitalt».

**Vedtak:** Med korrigerings av «klubb» til foreining vart styrets forslag til endring av vedtektene einstemmig vedtatt. Årsmøtet slutta seg også til forslaget frå Gunnstein Kvåle om endring av ordlyden i § 6.

### Sak 12: Val

Anders Bergset la fram valnemndas innstilling, som var slik når det gjeld styret:

<b>Styreleiar</b>	Kolbjørn Bergset	ny 1 år
<b>Styremedlem</b>	Borgny England Slagstad	attval for ny periode 2 år
<b>Kasserar</b>	Marloes Vos	ikkje på val, 1 år att
<b>Varamedlem:</b>	Hildur Hafstad Smådal	attval 1 år
<b>Revisor:</b>	Jon Gunnar Løland	ny 1 år

Alle styrevala var med akklamasjon.

**Valnemd:**


Leiar	Bjørg Ladehaug	ny 1 år
Medlem	Esther Skei Klausen	ny 2 år
Medlem	Åse Kjærland	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Jorunn H. Johansen	ny 1 år


Valnemnda vart vald i samsvar med innstillinga.


**Sak 13: Val av utsendingar til landsmøtet i Seniornett Norge**

**Vedtak:** Utsendingar til årsmøtet blir Kolbjørn Bergset og Egil Nestande, pluss ev. ein person til dersom økonomien tillet det. I tillegg deltar Monrad Kolstad som medlem i styret i Seniornett Norge.

Egil Nestande (referent)

  
Kolbjørn Bergset

  
Oddny Hildegunn Nore

  
Magnus Hope